



UNIVERSITETET I OSLO

Forskar forbundet ved UiO

NTL ved UiO

Parat ved UiO

Akademikarane ved UiO

Dato: 27.09.2022

Dykkar ref.:

Vår ref.: 2010/6143 AUDJS

Referat fra informasjons- og drøftingsmøte 27.09.2022

Frå organisasjonane

- Marie Sørhaug - NTL
- Cecilie Wingerei Lilleheil - Forskar forbundet
- Mari Gakkestad - lokalt hovudverneombod

Frå fakultetet:

- Anne Julie Semb - dekan
- Jannicke Helen Monsen – seksjonssjef HR
- Aud-Jorunn Sandal – referent

Innkallinga vart godkjend.

Lenke til styresakene: [Innkalling til møte i fakultetsstyret 30.9.2022 - Det samfunnsvitenskapelige fakultet \(ui.no\)](#)

Drøftingssaker

1. Fordeling 2023

Dekanen gjekk kort igjennom hovudtrekka i fordelinga.

Ingen merknader frå organisasjonane til fordelinga.

2. Årsplan 2023-2025

Dekanen synte til at arbeidet med årsplanen har vore diskutert før og spurte om det var ytterlegare kommentarar før årsplanen vert lagt fram for endeleg godkjenning i fakultetsstyret.

Verneombodet synte til at det i kapittel 4 om rekruttering i all hovudsak var fokus på vitskaplege stillingar. Ein har ikkje nemnt tiltak knytt til rekruttering til administrative stillingar, trass i at det i etterkant av pandemien har vore svært utfordrande å rekruttere til fleire administrative stillingar.

Det samfunnsvitenskaplege fakultet
Fakultetsadministrasjonen

Postadresse:
Postboks 1084 Blindern
0317 Oslo

Besøksadresse:
Eilert Sundts hus 4. et.,
Moltke Moes vei 31, 0851
Oslo

Tlf: 22 85 62 64
Faks: 22 85 48 25
E-post: postmottak@sv.uio.no
www.sv.uio.no
Org.nr.: 971 035 854



Dekanen er samd i dette og vil sjå på om ein også kan få inn tiltak knytt til rekruttering i administrative stillingar.

Verneombodet gjorde også merksam på at UiO går inn for felles sentraliserte ARK undersøkingar ved UiO, og at dette bør reflekterast i årsplanen.

Dekanen var samd i dette og vil sjå til at dette kjem tydeleg fram i årsplanen.

Til slutt gjorde verneombodet merksam på at det står i planen at ein ynskjer å ha ei *tydeleg leiing* ved fakultetet, men ein burde heller skriva *tydeleg og god leiing*.

NTL syner til at det i årsplanen vert skreve om utvikling av nye undervisningsformer. I så fall burde ein også sjå på timerekneskapen og korleis dette evt. kan kompenserast der.

Vidare syner NTL til at det står at medarbeidarsamtalar skal gjennomførast og stussar over at dette er nemnt særskild, då slike samtalar er nedfelt i regelverket og burde vore kjent rutine.

Dekanen seier at grunnen til at medarbeidarsamtalar er kome med i årsplanen og at ein vil jobbe med dette, er at det er tilsette i dag som ikkje ser nytten av slike samtalar. Ein vil sjå på korleis ein kan få medarbeidarsamtalar til å opplevast som fruktbare for både leiing og tilsette.

3. Oppfølging av språkkrapet ved tilsetjing i vitskaplege stillingar

Dekanen orienterte kort om krava og korleis ein har sett til HF i utarbeidingsa, som er kome lengre i arbeidet med språkkrap for sine tilsette.

Verneombodet spurte om kva støtte leiarane vil få i sitt arbeid med å heve norskkunnskapane til dei internasjonale forskarane.

Dekanen tenkjer seg fleire tiltak. Det kan vere å skape møteplassar der det er eit uttalt mål at ein skal snakke norsk, og der det er høg takhøgde for at ein kan snuble i ord og formuleringar. I tillegg er det viktig å ha gode oversikter over kva tilbod som finnes og gjera leiarane godt kjent med desse.

NTL lurar på kva verkemiddel ein vil nyta dersom ein tilsett av ulike grunnar ikkje klarar å oppfylla språkkrapet i arbeidsavtalen.

Dekanen seier at det ikkje vil vera snakk om å gå til oppseining av den tilsette, men dersom den tilsette ikkje har synt interesse for å lære seg språket, så kan det til dømes spela negativt inn ved lokale lønsforhandlingar. Ei viktig hensikt med språkkrapet er å i større grad konkretisera kva kravet går ut på, noko som er nyttig for leiinga, men også for den tilsette som skal lære seg norsk.

Dekanen meiner ein må ha eit tydeleg integreringsperspektiv på arbeidet med norskoplæringa, då gode norskkunnskapar vil vera svært positivt for den tilsette for å kunne ta aktiv del i arbeidsmiljøet og samfunnet som heilheit.

Forskarforbundet meiner at ein også må informera personar som allereie er tilsett, og som er i prosess med å lære seg norsk. Vidare bør ein involvera desse i arbeidet med språkkrapet, då dei kan koma med viktige innspel til korleis ein kan betre lukkast.



Forskarforbundet understrekar kor viktig det blir å ha med internasjonale forskarar i arbeidet med å implementera språkkravet, noko verneombodet og NTL sluttar seg til.

Informasjonssaker

A. Fakultetsstyremøte 27.09.2022

Organisasjonane hadde ikkje merknader til dei resterande sakene på sakskartet.

B. Status Eilert Sundts Hus

Dekanen orienterte kort om tilbakeflyttinga for fakultetsadministrasjonen, at oppussinga går som planlagt og at resten av einingane skal vera på plass i bygget innan oppstart i januar 2023.

Det vil vera ein kort periode med heimekontor under sjølve flyttinga, men ein har noko areal til disposisjon for dei som av ulike grunnar ikkje kan ha heimekontor under flytteprosessen.

C. Status organisering kommunikasjon

Dekanen orientert om at alle tilsette no er på plass i den nye kommunikasjonsavdelinga.

Kommunikasjonsavdelinga har gjennomført møte med alle einingane ved fakultetet, og avdekkja nokre områder der det er behov for meir oppfølging.

NTL ber om at denne saka kjem på sakskartet igjen på eit seinare tidspunkt, når avdelinga har fått sett seg og er innkøyrd.

Dekanen stilte seg positiv til at ein kunne ta den som informasjonssak på nytt, til dømes på IDF-møtet i desember.

D. Status UiO:IT organisering

Dekanen orienterte om at prosessen no er gjennomført og at det for fakultetet var to punkt dei særskild ville følgje med framover. Det eine er om omorganiseringa vil gje seg utslag i økonomien til fakultetet. Det andre er korleis tenestene ville bli gjevne, både med tanke på bemanning og responstid, og kvar dei tilsette på sikt vil bli sitjande når dei blir samla i felles eining for øvre Blindern.

NTL er uroa for at det framtida vil koma spørsmål til gjenverande administrasjon, spørsmål som tidlegare ville vore kvittert ut av lokal IT, og omIT-tenestene vil bli fjernare for brukarane.

Dekanen seier at dette er ein av dei tinga fakultetet er oppteken av og vil følgja med på.

E. Personalsaker (nytilsettingar/kunngjeringar som kan vere av interesse og liknande)

Kontorsjef ved PSI har sagt opp stillinga, og Gunnar Malmin er konstituert som ny kontorsjef fram til ny er på plass. Stillinga er kunngjort med søknadsfrist 7. oktober.

Ved SAI er Guro Frostad tilsett i stillinga som kontorsjef og tilbod er sendt.



F. Eventuelt

Forskarforbundet ynskjer å høyre meir om prosessen kring tilsetting av ny førsteamansis ved TIK, då dei har hatt omfattande kontakt med enkelte søkjrarar, spesielt angåande kriteria brukt av silingskomiteen. Dekanen orienterte om at fakultetets ansettelsesutvalg (AU) har fatta vedtak om tilsetting i stillinga, men også at det var ein god diskusjon i AU i forkant av vedtaket gitt at ein mottok mange merknader. AU konkluderte med at det ikkje hadde vore noko feil med tilsettingsprosessen, og at den best kvalifiserte vart tilsett i stillinga.

Forskarforbundet syner til eit møte dei var i før sommaren ved ISS, om praktisering av timerekneskapen ved SV generelt og ISS spesielt.

Dekanen seier at saka om timerekneskap i og for seg er avslutta frå hennar si side, men at ein har litt ulik forståing for kva reiskap dette er. Ved ISS synes det å verta oppfatta som eit reiskap til å registrera faktiske brukte timer for den enkelte på undervisningsoppgåver, men at det er tenkt som eit ressursstyringsverktøy for leiinga. Ein har ikkje registrert tilsvarande uro ved andre einingar og at tanken er at ein skal vera litt raus begge vegar.

Forskarforbundet syner til at tilsette ved ISS opplever det som eit kontrollverktøy og ikkje som eit ressursstyringsverktøy.

Dekanen seier at problema kan vera at ein ved ISS, har for stor undervisningsportefølje jamfør ressursar til rådighet, men at det er krevjande å skulle kutte i undervisninga.

Verneombodet ber fakultetet ta uroa på høgste alvor, då dette på sikt kan skapa alvorlege arbeidsmiljøproblem ved ISS dersom ein ikkje gjer noko.

Med helsing

Anne Julie Semb
dekan

Aud Jorunn Sandal
seniorrådgjevar

Dette dokumentet er godkjent elektronisk ved UiO og er derfor ikkje signert.